

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Vår ref.:
2010/484 - 195/2011

Deres ref.:

Saksbehandler:
Hans K. Stenby, 51 96 38 17

Dato:
13.01.2011

Høyring - forslag til ny folkehelselov

Det vises til høyringsnotat av 18.10.10 frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Styret i Helse Vest RHF behandla saka i møte 12. jan. 2011, jf sak 10/11.

Styret vedtok følgjande forslag til uttale:

Lovforslaget er m.a. ei oppfølging av St.meld. nr 47 (2008-2009) Samhandlingsreforma og reforma sitt fokus på helsefremmande og førebyggjande arbeid. Lova gjeld kommunar og fylkeskommunar og statlige helsemyndigheiter. Det siste omfattar: Fylkesmannen, Helsedirektoratet og Nasjonalt folkehelseinstitutt. Desse institusjonane/organa skal m.a. understøtte kommunane og fylkeskommunane i sitt arbeid med råd og rettleiing, relevant informasjon og statistikk.

Helse Vest RHF vil understøtte en klarere forankring og sterkare vektlegging av det førebyggjande og helsefremmande arbeidet i lovgivinga og viktigheita av å halde fram dei fire grunnleggjande prinsippa for folkehelsearbeidet.

For å utjamne skilnadar i helse vil Helse Vest særleg peike på oppvekstforholda for barn og unge. Gode oppvekstvilkår for barn og unge vil vere grunnleggjande for seinare likeskap/ulikskap i helse.


Spesialisthelsetenesta er ikkje eksplisitt nemnd i lova og har heller ikkje førebyggjande og helsefremmande arbeid som ei primæroppgåve. Førebygging i spesialisthelsetenesta vil særleg vere retta mot pasientgrupper og pasientar som blir tilvist til spesialisthelsetenesta.

Spesialisthelsetenesta har likevel viktig kunnskap som også kan nyttast i meir primærførebyggjande og helsefremmande arbeid. Det er viktig å legge til rette for bruk av denne kunnskapen i direkte samarbeid med kommunane og gjennom rapportering til nasjonale helsemyndigheiter.

Det er grunn til å forvente at eit godt førebyggjande og helsefremmande arbeid i kommunane vil ha positive effektar på helsetilstanden i befolkninga, og over tid også ha konsekvensar for behovet for spesialisthelsetenester og gjere helsetenesta samla meir berekraftig. Det er likevel knytt usikkerheit til kva dette vil bety for kapasiteten på tenestene.

Helse Vest visar elles til forslag til ny kommunal helse- og omsorgslov som legg til rette for eit sterkare samarbeid mellom kommunane og spesialhelsetenesta om utvikling av det samla tenestetilbodet.

Med helsing


Hans K. Stenby
plansjef